



Bykle kommune

Bykle ser langt

MØTEREFERAT

Dato: 15.10.2025

Stad: Hovden fjellstoge

Referentar: Signe Sollien Haugå/Sonja Lien Skjevrak

Møte:

Grunneigarar, jakt- og rettshavarar i Midtregionen – Sti- og løypeplan

Til stades:

- Agnes Hovden
- Dag Hovden
- Birgit Lidtveit
- May-Britt Sauro
- Inger Anne Sauro
- Marit Hovden
- Knut Hovden
- Ingrid Margrethe Bjåen
- Svanhild Breive (digitalt)

Bykle kommune: Hans Blattmann, Merethe Hjemdal, Eivind Severinsen, Sonja Lien Skjevrak, Signe Sollien Haugå

REFERAT

1. Opning

Ordførar ønskte velkomen og orienterte om føremålet med møtet og målet om å legge fram ein ny sti- og løypeplan med brei involvering av ulike interesser og aktørar, og i nært samarbeid med grunneigarane. Han informerte om ønskje om oppnemning av ein representant frå kvar av regionane, Bykle, Midtregionen og Hovden.

Planarbeidet skjer parallelt med utforming av ny arealdel til kommuneplanen.

2. Orientering om planprosess

Sonja Lien Skjevrak presenterte opplegget for møtet og planprosessen. Sti- og løypeplanen vil inngå som ein del av kommuneplanen sin arealdel.

Planarbeidet følgjer Miljødirektoratet sin rettleiar Plan for friluftslivets ferdselsårer. Kommunen har ei viktig rolle som tilretteleggjar for bulyst, friluftsliv og folkehelse.

Eksisterande turveggar og løyper er utgangspunkt for planlegginga. Ny plan må ta omsyn til ny kunnskap til dømes om villrein (tiltaksplan). Ein har og andre nasjonale føringar og omsyn, til dømes vern og ulike naturverdiar. Lokalt har ein og mange omsyn, til dømes beitebruk, jakt, statsallmenningen osv.



Bykle kommune

Bykle ser langt

Det vart kort orientert om løypeavtaler med grunneigarar, prinsipp og samanheng og at ein primært følgjer like satsar differensiert på utmark, innmark mv.

Det vart orientert om innspel som er kome inn sidan førre sti- og løypeplan vart vedteken, og kva ein har særleg blikk på for å skape samanheng og kvalitet i løypenett og utfartsområde.

Det kan vere aktuelt å utsette fristen for innspel jf. skissert tidsplan. Informasjon om medverknad og innspelsfrist kjem på kommunen sin heimeside og i relevante media.

Det vart opplyst om Kommunal- og distriktsdepartementet si høyring av **tiltaksplan for villrein**. Forslag til høyringsuttale blir lagt fram til politisk handsaming i kommunestyret 30. oktober. Høyringsfristen er 31.oktober. Høyringsdokument og lenke til innsending av høyringsinnspel finn ein [her](#). Merk at høyringsinnspel skal gå direkte til departementet. Ein kan gjerne sende kopi av innspel til kommunen.

3. Viktige punkt frå diskusjonen

Eksisterande tur- og skiløyper

Dagens sti- og løypeplan blir opplevd meir som ein moglegheitsstudie enn ein plan. Det er trasear i planen som ikkje har vore køyrt på mange år eller i det heile.

Det er ikkje nødvendig og bør heller ikkje vere eit mål å kople saman alle regionane med eit samanhengande løypenett. Det vil generere unødvendig lange distansar for løypemaskinen med tanke på forureining.

Det er greitt med det løypenettet som finst pr i dag. Det er ikkje ønskjeleg med fleire trasear.

Grunneigar utfører stikking av løype Sloaros – Holmevatn for DNT. DNT opplyser at hytta er stengt i jakta. Grunneigar er bekymra for uroinga av villrein – samstundes som stikking er viktig for tryggleiken til folk som går inn i høgheia vinterstid. Det kan vere risiko for tryggleiken med ev. endring av tider for stikking/preparering til påske/vinterferie. Grunneigar er usikker på om løypa ligg optimalt i høve villreinen sin bruk av området, eller om den kunne vore lagt litt om i terrenget.

Ein har merka stor auke i trafikken frå Lislefjædd mot Kaldseggi og Sloaros etter at toppen er marknadsført i sosiale media. Parkeringa er gjerne overfylt.

Ordførar:

Løypa til Sloaros kan bli køyrt i vinterferien og påska når det ikkje er villrein i området.

Erfaringa er at det er lite sykling i området Hovden – Sloaros. Det er noko sykling på fatbike i området frå Galten til Hartevassnuten i vinterhalvåret, men ein ikkje bør leggje til rette for nedfart i Badstogdalen.

Sykling på sommarhalvåret medfører slitasje og mykje spor i terrenget og uroing av dyreliv i store område ut frå radiusen på aktiviteten.



Bykle kommune

Bykle ser langt

Eivind Severinsen:

Ei gruppe med sykkelinteresserte arbeider med å få til eit tilbod i Otrosåsen. Det er ugunstig å sykle i heia på sommaren grunna kupert terreng, men det er attraktivt på vinteren.

Fordel å legge sykkelløypene i område som allereie er i bruk.

Grunneigar er positiv til turveg mellom Hartevatn og rv9.

Skirenn som Hovden Tour og andre arrangement er viktige for reiselivet, og det bør vere rom for å ha arrangement som pågår ei kort periode. Ein må finne område og alternative trasear slik at dette kan bli gjennomført årleg. Det er delt syn på tilrettelegging for slike arrangement blant grunneigarane.

I området Bjåen er det ikkje ønske om fleire løyper, og heller ikkje auka tilrettelegging i eksisterande løyper.

Løypeavtalene og satsar er ok for vinterløyper. Variasjon i beløp utbetalt nokre år blir sjekka opp av kommunen i etterkant av møtet.

Nærtur-løyper blir mykje nytta, og ein bør kanskje synleggjere desse meir framover. Fleire og fleire nyttar dagparkering sør (ved rundkøyringa) for t.d. tur til Hartevassnuten.

Bruken av Galtenvegen er avgrensa av storleiken på parkeringa, og det er greitt.

Forslag til nye tur- og skiløyper eller andre tiltak

Det er viktig å skjerme sårbare område. Gjere ei vurdering av om det er område ein skal unngå å ha løypetrasear for å skjerme naturen og avgrense ferdsel.

Grunneigarane i Breive er genuint opptekne av å bevare grenda og heiane med minst mogleg uroing av dyrelivet, og ønskjer derfor ikkje tilrettelegging for auka ferdsel på sitt terreng. Stadfester også aukande ferdsel som problem, og at friluftsfolk i liten grad tek omsyn til forstyrring av jakta.

Auka ferdsel gjennom toppturar og marknadsføring på sosiale medium påverkar villreinen negativt både sommar og vinter.

Det er viktig å få vurdert effekten av klimaendringar og allmenn ferdsel i sti- og løypeplanlegginga, og vurdere kva omsyn ein må ta i høve tilrettelegging og avgrensing.

Det er ikkje ønskjeleg at badeplassen ved kanalen blir del av planen. Ferdselen bør bli kanalisert mot Hovdenområdet.

Det er viktig å vurdere behovet for nye løyper og ikkje berre lage nye trasear med mål om å auke tilbodet.

Fokus på å styrke område som har potensiale til å bli betre utnytta i staden for å gjere tiltak i urørte område. Det vil gjere det lettare å få gjennomført tiltak.



Bykle kommune

Bykle ser langt

Viktig at alle typar arrangement tar omsyn til naturen og villreinen og at dei blir lagt utanom jaktperioden.

Grunneigar har opplevd at arrangement som Hovden Ultra blir gjennomført i jakta trass i at grunneigar hadde samtykka til arrangementet under føresetnad av anna tidspunkt. Løpet går dels innanfor og utanfor verneområdet, og blir oppfatta å vere eit organisert arrangement. Ønskje om at ein må følgje opp krav om grunneigarsamtykke i høve slike arrangement i planen.

Ordførar:

Statsforvaltaren i Agder har bedt kommunen om å utarbeide og vedta lokal forskrift for arrangement i verneområda.

God kommunikasjon og informasjon: fleire peika på at god informasjon og grunngjeving for avbrot i løypepreparering er viktig, og at dei fleste respekterer oppmodingar dersom dei skjønar kvifor.

Sykkelrute 3 – og samanbinding er positivt for hyttefolk – men femnar ikkje dei som driv med stisykling.

Ordførar:

Sykkelrute 3 blir etablert i samband med utbetringa av rv9, og vil følgje den gamle vegtraseen mellom Geiskeli og Hartevatn.

Tilrettelegging av fleire lågterskel-/ sentrumsnære naturopplevingar for familiar og turistar kan vere aktuelt. Løypenettet i Otrosåsen kan supplerast med gapahukar, bål plassar og badebrygge ev. (ikkje båt brygge). Alpinbakken blir også nytta for turgåing i den grønne årstida – vurdere benkar/rasteplassar der.

Det kunne vore fint å ha ei hesteslepe/vinterløype for hest i Otrosåsen.

Det vart etterspurt oversikt over fond frå utbyggingsavtaler, disponering, prioritering og bruk til ulike tiltak for midt-regionen og Hovden-området. Kommunen legg fram litt info i etterkant.

Nasjonal turistveg – ½-vegs til Hovden – rasteplass/toalett rundt Sarvsdammen/ Bykle sentrum kan ha stoppeffekt.

4. Val av representant til prosjektgruppa

Representant frå Midtregionen: Agnes Hovden.

5. Oppsummering

Referat og presentasjon blir sendt til møtedeltakarane og lagt ut på kommunen si heimeside.

Informasjon om frist for innspel til planarbeidet blir lagt ut på heimesida og andre relevante media.

Fristen er 1. desember 2025.